

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
018/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	17/1089	18/7934

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg for Radøy kommune perioden 2018-2028

Saksopplysingar:

Bakgrunn :

I kommunal planstrategi for 2016-2019 er det lagt til grunn at det skal utarbeidast kommunedelplan for helse og omsorg. Etter gjeldande retningsliner vart det (i F sak 45/2017 1.6.2107– K sak 29/17 15.6.2017) vedteke planprogram for arbeidet. RO senteret (ressurscenteret for omstilling) har vore konsulent i planarbeidet som starta opp 5.januar 2018. Det vart då arbeid intens med planen gjennom fleire heildagsmøter (6. og 7. februar) , og deretter følgd opp med lokale arbeidsøkter 8. og 21. mars. Alle einingsleiarar for tenester under helse og omsorg har medverka i prosessen. Hovudtillitsvald for Fagforbundet har delteke i arbeidet. I perioden med arbeid med planen, har det vore skifte i stillinga som kommunalsjef.

Planen vart lagt fram til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet i møte 30.4.2108., Råda slutta seg til planen slik den låg føre.

Vurdering.

Helse og omsorg er eit komplekst tenesteområde, men mange brukarar i alle aldrar og med eit utall av oppgåver som skal løysast heile døgnet, heile året. Som det går fram av planen er det ei rekkje lover, stortingsmeldingar og planar som ligg til grunn for arbeidet som kommunane skal utføra.

Utviklinga går raskt og brukarmassen er i endring. Det er mange krav både frå brukarar, pårørande og tilsette som til saman skal sikra eit så godt liv som råd for dei innbyggjarane som treng det. Planen prøver å fange opp og gje svar på ein del av dei problemstillingar som ligg i framtida.

Ein sentral målsetjing er at ingen avgjerd skal bli teken utan at brukaren sjølv er involvert. Som tenesteytar er motto at ein alltid skal sjå det mogelege i situasjonen. Det er ingen revolusjon i dette, men det er ei tydelegegjerding av brukarperspektivet og målet om at alle situasjonar kan løysast. Nokre gonger tek det meir tid og ressursar enn ein er budd på. Likeeins er begrepet saumlause tenester blitt brukt fleire gonger, noko som indikerer at ein så langt det er råd ser over vanlege opptrakka grenser mellom tenestene og ser på mulige løysingar saman og på tvers av avdelingar når det er tenleg og mogeleg.

Dei sentrale omgrepa i planen er:

- o Auka satsing på folkehelse/førebygging, tidleg innsats og aktiv omsorg.
- o All tenesteutøving skal støtta opp under brukar og pasientane sine eigne ressursar, kvardagsmeistering – hjelp til sjølvhjelp.
- o Yta tenester etter beste effektive omsorgsnivå (BEON-prinsippet).
- o Satsa på kvalitetsutvikling, kompetanse, rekruttering og halda på medarbeidarar.
- o Gjennomgang av rutinar og system for tildeling av tenester for å sikra ein heilskapleg praksis for vurdering og tildeling.
- o God informasjon og kommunikasjon om tenestetilbodet.
- o Etablera ein «saumlaus» praksis mellom einingane der dette er nødvendig. Gjeld på system- og individnivå.
- o Etablera eit gjensidig godt samarbeid med frivillige og næringslivet.
- o Etablera ei forståing for at kontinuerleg utvikling / forbetring er nødvendig

Kva er viktig eller viktigast i Radøy framover:

Samla er dei mest sentrale utfordringane i dei 4 første åra i planperioden (ikkje i prioritert rekkefølge) :

- Leiar-medarbeidarskap
- Ansvarleggjering – ansvar for eige liv
- Politisk «ryggdekning»
- Individuelt tilrettelagte tenester, kompetanse og samhandling
- Ta i bruk velferds- og smartteknologi
- Redusere sjukefråværet
- Turnover
- Heil-deltid, rekruttering
- Fastlegeordninga

I 8 års perioden:

- Rekruttering
- Sikre tilgang på nødvendig kompetanse
- Tilgang til «like» tenester i Alver kommune

Strategiar for å nå måla:

Det er lista opp 9 område som satsingsområde i planperioden. Mykje av dette gjer ein alt i dag, men det er nødvendig å framleis styrka desse områda. Kvant av områda er nærare omtala og utdjupa i planen.

1. Førebygging

2. Tidleg innsats
3. Kvardagsmeistring
4. Frivillig arbeid
5. Velferdsteknologi
6. Innovasjon
7. Kompetanse
8. Rekruttering
9. Omdømme

Av handlingsplanen (sist i dokumentet) er tiltak lista opp under kvar sin kategori med ansvar og økonomi plassert slik ein planlegg å løysa dei problemstillingane som er kome opp.

Mange av tiltaka skal gjerast innanfor eksisterande rammer, nokre har mindre økonomiske konsekvensar og nokre er MÅ oppgåver som m.a. kjem som følgje av endringar i lov/forskrift. I Primærhelsemeldinga er det slått fast at kommunane har ansvar for å ha kommunale ergoterapeutar med verknad frå 2020. Det er ei ny oppgåve som det er lagt inn pengar til i handlingsplanen alt i 2019, for å koma i gang snarast råd. Velferdsteknologi er ei stor satsing som går vidare inn i åra som kjem. Sentrale områda i planen er å behalda og utvikla vidare gode og saumlause tenester og vera framtidsretta i bruk av velferdsteknologi.

Folkehelse: Denne planen har mykje folkehelse i seg. Her er det i større grad enn før, lagt vekt på både godt førebyggingsarbeid og på det ansvaret den einskilde har for å ivareta eigne funksjonar så godt som råd og så lenge som råd.

Økonomi: Planen har økonomiske konsekvensar over mange år. Målet er at dei tiltaka som er lista opp i handlingsplanen sin økonomidel vert tekne med vidare inn i kommunen sin økonomiplan for dei komande åra. For 2019 ser planen slik ut:

- Vidareføra friskliv- og mestringstilbod	kr 100.000
- Samlokalisere dag/aktivitetstilbod	kr 250.000
- Fødselsførebuande kurs	kr 50.000
- Tilbod om førebyggjande heimebesøk til eldre	kr 300.000
- Systematisk integrering av flyktningar	kr 650.000
- Oppfølging av personar med låg bukompetanse	kr.650.000
- Diverse kompetansetiltak	kr 120.000
- Heilskapleg organisering av rustenesta	kr 400.000
- Velferdsteknologi	kr 800.000
- Ergoterapeut	kr 600.000

På punktet oppfølging av personar med låg bukompetanse er eit skrikande behov for snarleg tiltak, og her er det lagt inn pengar alt for inneverande år.

Konklusjon

Delplanen har mange gode og store målsetjingar som krev ressursar på ulike område om vi skal lukkast i arbeidet med å ha ei framtidsretta, kompetent og brukartilpassa teneneste. Det er ei rekkje krav som skal innfriast og vi vil gjerne gje innbyggjarane gode tenester og dei tilsette gode arbeidsforhold for å utføra desse. Økonomi er avgjerande for at mange av tiltaka kan gjennomførast.

Formannskapet vedtok den 19.04.18 å leggje planen ut på høyring. Planen vart lagt ut på høyring, i perioden 23.april – 1.juni. Alle aktuelle lag og organsisasjonar i Radøy og Fylkesmannen har fått planen til uttale.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet handsama planen i sitt møte 30.4.2018 og gjorde følgjande likelydande vedtak:

Råd for RMNF - vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne stiller seg bak framlegget til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018 – 2028.

Det er ikkje kome inn nokon høyringsuttalar innan saka vert skreve, og høyringsfristen er ikkje ute. Av tidsmessige grunnar vert den likevel sendt til Formannskapet til vidare handsaming. Dersom det kjem inn uttalar, vil desse anten verta ettersende eller lagt fram i formannskapsmøtet.

Det ikkje noko anna å tilføye til planen no enn då formannskapet sist handsama planen og vedtok at den skulle leggjast ut til høyring. Dersom det kjem innspel, må desse vurderast innarbeidd før planen vert endeleg handsama i kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i Radøy kommune for perioden 2018-20128 vert godtkjent slik den ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 042/2018

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland sa at det blir lagt opp til ei grundig orientering om kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg i kommunestyret.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i Radøy kommune for perioden 2018-20128 vert godtkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret i Radøy - 018/2018

KS - handsaming:

Kommunalsjef Grete Herøy gav ei grundig orientering om kommuneldeplan for helse, sosial og omsorg. Ho peika på at forebygging, tidleg innsats og kvardagsmeistring er viktige innsatsområde i planen. Ho framheva også frivillig innsats, innovasjon og velferdsteknologi, heilskapelege og saumlause tenester, og rekruttering og kompetanseheving som viktige faktorar.

Tilbod om førebyggjande heimebesøk til innbyggjarar over 70 år er eit konkret tiltak i planen. Kommunalsjefen peika også på systematisk arbeid med integrering av flyktningar, og oppfølging av personar med låg bukompentanse som viktige tiltak i handlingsplanen. Planen seier at kommunen skal arbeida kontinuerleg med utvikling og forbetring, og arbeida "smart". Kommunalsjefen peikar på at planen skal tydeleggjera kva den enkelte sitt ansvar er og kva som er kommunen sitt ansvar. Utgangspunktet er at den enkelte har ansvar for eigne val og eige liv. Kommunalsjefen peika på at stadig fleire ønskjer å bu heime lengst mogleg, og at trenden i Radøy - og i resten av distriktet, er at det blir ledige plassar på institusjon.

Laila Seilfaldet Pletten (SP) gav honnør for ein god og tydeleg plan. Ho viste til eldrerådet sitt innspel om behov for dag- og aktivitetstilbod til fleire brukargrupper. Ho ser behov for ei kartlegging av behov for tilbod og aktuelle lokale.

Seilfaldet Pletten etterlyste også demensteam i Radøy.

Kommunalsjefen svarta at ho noterer seg innspelet om dag- og aktivitetstilbod for fleire grupper. På spørsmål knytt til demensteam sa kommunalsjefen at det blir jobba godt tverrfagleg på dette området, sjølv om det ikkje er eit team i drift.

Morgan Taule (AP) er glad for at planen har fokus på tidleg innsats, kompetanseheving og rekruttering. Han lanserte ideen om eit valfag på ungdomsskulen for dei som kan tenkja seg eit yrke i omsorgssektoren, for å skapa interesse for faget og stimulera til rekruttering.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) viste til samarbeidsavtalen mellom fleirtalspartia (SP, AP, KrF), og ber Radøy sine medlemmer i fellesnemnda vidareføra arbeidet med å få på plass eit godt tilbod innan samlivs- og familierettleing - som ho meiner er eit aktuelt tema ikkje minst utfrå auken i vald i nære relasjonar. Ho etterlyser også styrking av jordmor-tilbodet, og ber om at eit nær-jordmorsenter i Knarvik vert jobba vidare med.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i Radøy kommune for perioden 2018-20128 vert godtkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

Kommunedelplan for helse og omsorg for 2018-2028 (L)(171172)

Radøy kommune - Høyringsutkast- Kommunedelplan helse og omsorg